

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
031/15	Formannskapet	PS	05.05.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Jostein Førre	14/293

Sal av Bruvik tomtefelt

Vedlegg:

Salskontrakt Bruvik sentrum, del aust

Arealavståing til Bergen økologiske landsby 13.02.2015

«Formannskapet har ikkje merknadar til framforhandla salskontrakt»

Formannskapet - 031/15

FS - behandling:

Ass. rådmann var til stades ved utvalet si behandling.

Kim Andre Hartveit, FRP, gjorde slikt framlegg: "Formannskapet har ikkje merknader til framforhandla salskontrakt. Formannskapet set likevel som ein absolutt føresetnad at avtalt sum til noverande grunneigarar er betalt i sin heilskap før ny kontrakt vert inngått."

Framlegget vart trekt før avrøysting.

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

«Formannskapet har ikkje merknadar til framforhandla salskontrakt»

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Bruvik tomtefelt var eit samarbeidsprosjekt mellom Osterøy kommune og dei ulike grunneigarane i feltet. Tomtefeltet lå ute for sal i ein lengre periode mellom 2009 og 2012. Det kom ikkje inn bod som blei godtatt av eigarane i prosjektet. I 2012 kjøpte Osterøy kommune ut dei andre grunneigarane.

I 2013 kom det inn bod på prisantydning frå Bergen Økologiske Landsby (BØL). Bodet var godtatt og forhandlingar om kontrakt og utbyggingsavtale har pågått sida det.

Det er framforhandla ein utbyggingsavtale som sikrar utbygging av området i tråd med reguleringsplanen for området.

I salskontrakten binder Osterøy kommune seg til å leige ut jord til hagebruk til Bergen Økologiske Landsby.

Vurdering

Det har tatt lang tid å få solgt bustadfeltet på Bruvik. Det er difor gledlig at BØL ynskjer å realisere dette feltet. I samtalar med BØL har ein komme fram til at ein held tilbake den sør-vestligaste bustadklynga i reguleringsplanen. Her er det sett av plass til 5 bustadtomter. Dette sikrar at det blir nokre tomter ledige på kommunale vilkår.

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Konklusjon

Osterøy kommune sel området for bustadfeltet på Bruvik, men beheld BG 9 for eigen utvikling.